

Saksnr: 2024/27378-2**Saksbehandlar:** Bjørnar Tjøflot**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		27.08.2024
Fylkesutvalet		19.09.2024

Høyringsuttale til ny Krossdalen transformatorstasjon og spenningsoppgradering til 420 kV til Steinsland kraftverk og Nygard pumpekraftverk**Forslag til innstilling**

1. Vestland fylkeskommune er positive til bygginga av Krossdalen transformatorstasjon og spenningsoppgradering av sambandet til Steinsland kraftverk og Nygard pumpekraftverk fordi dette betrar forsyningstryggleiken og kapasiteten i transmisjonsnettet.
2. Vestland fylkeskommune ber om at årstalet hogge inn i ein bergknaus på innsida av vegen då vegen var bygd i 1888, like ovanfor Eide blir vareteke for ettertida.
3. Det er viktig at massedeponi (D3) i konsesjonssøknaden tek omsyn til stien/friluftsområdet «Skogsti/ØvreHelland» og sørgjer for at ferdsel ikkje hindrast.
4. Arbeid i elva frå Almelistølen må gjerast på låg vassføring eller når elva er tørrlagd. Eventuelt anna arbeid i vassdrag må gjerast så skånsamt som mogleg for å unngå avrenning av fine massar som kan skade funksjonsområde for fisk og andre ferskvassorganisamar. Vidare er det viktig å sikre massedeponia slik at det ikkje vert avrenning til vassdrag.

Samandrag

Statnett SF og Eviny Fornybar AS har søkt om konsesjon for ny Krossdalen transformatorstasjon og å leggje om luftleidningar inn til stasjonen, i tillegg til ny 420 kV Krossdalen-Steinsland og ny delstrekning 420 kV Krossdalen-Haugsvær. Det er også søkt om konsesjon til spenningsoppgradering til 420 kV i Steinsland kraftverk og Nygard pumpekraftverk med tilhøyrande nettanlegg, samt endringar i Steinsland koplingsstasjon. Det er også søkt om å gjere tiltak på Nygardsvegen og bygge kaihakk på Eidslandet.

NVE har sendt konsesjonssøknadar på høyring til m.a. Vestland fylkeskommune. Vedtak i denne saka sendast til NVE som høyringsuttale.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bård Sandal
direktør
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er eit stort behov for å oppgradere det kraftnettet i Bergensregionen for å møte aukande forbruk og støtte planar om elektrifisering og industrialisering. Statnett planlegg å auke spenninga frå 300 kV til 420 kV for å betre forsyningstryggleiken og kapasiteten i transmisjonsnettet. For å få til denne spenningsoppgraderinga må Statnett byggja ein del nye anlegg, som ny Krossdalen transformatorstasjon, og oppgradera fleire av dei eksisterande anlegga deira, som Modalen koplingsstasjon. Ved spenningsoppgradering av transmisjonsnettet må elektriske anlegg i omkringliggjande kraftverk og koplingsanlegg òg oppgraderast for å tilpasse seg det nye spenningsnivået. Dette er naudsynt for å sikre at kraftproduksjon frå Steinsland og Nygard kan halde fram utan avbrot. Det er konsesjonssøknadar for desse tiltaka som er på høyring i denne saka.


Tiltaka er ankra i Statnett sin områdeplan for 2022, som understrekar ein trinnvis utvikling av nettet, basert på behov identifisert i KVU Bergen og omland.

Skildring av tiltaket

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke konsesjonssøknadar for følgjande tiltak i Modalen og Vaksdal kommunar frå Statnett SF og Eviny Fornybar AS:

- Ny Krossdalen transformatorstasjon og å leggje om luftleidningar inn til stasjonen.
- Ny 420 kV Krossdalen-Steinsland og ny delstrekning 420 kV Krossdalen-Haugsvær.
- Spenningsoppgradering til 420 kV i Steinsland kraftverk og Nygard pumpekraftverk med tilhøyrande nettanlegg, samt endringar i Steinsland koblingsstasjon.
- Det er også søkt om å gjere tiltak på Nygardsvegen og bygge kaihakk på Eidslandet.

NVE har sendt konsesjonssøknadar på høyring til m.a. Vestland fylkeskommune. Vedtak i denne saka sendast til NVE som høyringsuttale.



Figur 1: Kartutsnitt som viser plasseringa av omsøkte tiltak. (klippa frå konsesjonssøknaden til Statnett)

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse saka jf. fylkeskommunen sitt delegeringsreglement kap. 7. Høyringsuttale og kap. 22. Energilova.

Medverknad

Medverknadsorgana har ikkje vore involverte i saka.

Vurderingar og verknader

Fornybar energi

Regional plan for fornybar energi 2023-2035 (fornybarplanen), for Vestland legg føringar for korleis kraftsystemet i Vestland skal utviklast. Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i planen.

Hovudmålet i fornybarplanen er at vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping. Vidare seier fornybarplanen at vi har produksjon og distribusjon av kraft frå fornybare energikjelder som tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar.

Kraftsystemet/nettet

Delmål 6 i fornybarplanen seier at vi har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri i heile Vestland. Vidare seier planen at Vestland fylkeskommune har ambisjon om at sambandet Modalen-Øygarden er spenningsoppgradert til 420 kV i 2028 og tilsvarande at sambandet Sogndal-Modalen er spenningsoppgradert til 420 kV i 2029. For å få til denne spenningsoppgraderinga må anlegga til Statnett i Modalen oppgraderast eller bytast ut. Vestland fylkeskommune har ikkje uttala seg tidlegare om korleis Statnett skal gjennomføra denne delen av spenningsoppgraderinga i Modalen eller kvar nye anlegg skal plasserast.

Næring

Det er stor etterspurnad etter kraft i Bergensområdet og Vestland elles. Næringsaktørar står i kø for å få tilgang til kraft for å realisera prosjekta sine. Dette prosjektet bidreg til å auka overføringskapasiteten i transmisjonsnettet og tilgjengeleggjera meir kraft til næringsaktørar. I tillegg mogleggjer prosjektet meir kraftproduksjon. Det er viktig at tiltaka òg bidreg til betra nettkapasitet lokalt i Modalen, der det er fleire småkraftverk som har fått konsesjon og det er interesse for ny grøn næring.

Klima

Regional plan for klima 2022-2035 legg føringar for korleis Vestland skal bli meir klimarobust og ta vare på naturmangfaldet vårt. Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i planen.

Vestland og Noreg sine klimamål skal i stor grad møtast ved å elektrifisera prosessar som tradisjonelt gjev klimagassutslepp. For å gjennomføra dette i stor skala må vi ha eit robust kraftnett.

Kulturminne og kulturmiljø

Automatisk freda kulturminne

Ut frå våre arkiv har vi ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i dei aktuelle tiltaksområda. Delar av den gamle stølsvegen er bevart og er synleg på LIDAR data. Dette er likevel berre kortare strekk på under 200 m og ein kan ikkje snakka om ein samanhengande stølsveg. Då me reknar det som lite truleg at ein vil kunne datera vegfarete ser me det ikkje som naudsynt å gjera ytterlegare arbeid knytt til dette. Me vil likevel oppmoda om at ein søker å verna om stølsvegen i den grad det er mogleg. Tiltaka er elles i areal som etter vår faglege vurdering har lågt potensiale for funn av hittil uregistrerte automatisk freda kulturminne. Omsøkte tiltak blir vurdert til ikkje å få konsekvensar for automatisk freda kulturminne.

Kulturminneforvaltinga i Vestland fylkeskommune har difor ingen avgjerande merknader i saka, men gjer tiltakshavar merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, bergkunst, skålgroper, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil som regel bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Vegkulturminne

Seksjon for kulturarv vil understreke at det så lang som mogleg er viktig å vareta kulturminne som blir råka av tiltak, indirekte og direkte. Dette inneber å velje løysingar som får minst innverknad på kulturminne og kulturmiljø, samt finne løysingar i form av avbøtande tiltak både under anleggsperioden og i den vidare driftsfasen. Vi har fått inn ei bekymringsmelding som gjeld tiltak på vegen frå Eidsland til Modalen, i Statnett sin regi, for å gje plass til transformatortransport på vegen. Ei løysing som skal vere skissert er sprenging av ein bergknaus på innsida av vegen, like ovanfor Eide. Der er årstalet 1888 hogd inn, jamfør foto og kart. Dette stammar frå då vegen vart bygd, og denne delen av vegen er den eldste delen av vegen gjennom Eksingedalen. Det er og den eldste delen av Fv 569, Dalseid-Romarheim. Vestland fylkeskommune ber om at dette årstalet blir vareteke for ettertida.



Figur 2: Bilete av vegkulturminne og plassering i kart.


Kulturmiljø

Influensområdet for kulturmiljø har tre delområde med stor verdi. Uavhengig av alternativ, medfører tiltaket i hovudsak påverknad «noko forringa» og såleis «noko miljøskade». Alle tre alternativa får noko negativ konsekvens, og det skiljast ikkje på alternativ 3A og 3B. Rangeringa skil likevel litt mellom alternativa, og alternativ 2 er rangert som nr. 2 (etter 0-alternativet). Deretter er alternativ 3A/B rangert som nr. 3 på grunn av at nokre element har mindre avstand til det eine kulturmiljøet. Alternativ 1 rangerast som nr. 4 av same grunn, at alternativet kommer nærare det eine kulturmiljøet. Det er ikkje føreslått spesifikke avbøtande tiltak gitt dei moderate konsekvensgradene.

Vestland fylkeskommune har vurdert at det antakeleg ikkje er behov for arkeologiske undersøkingar i tiltaks- og influensområdet.

Fysisk aktivitet og inkludering

Det ser ut som planlagt massedeponi (D3), nord for ny Nygardsvegen kan kome i konflikt med stien som går langs elva, og som er registrert i friluftslivskartlegginga (Skogsti/ØvreHelland). Kartlegginga og flyfoto viser noko ulike traséar for stien/friluftsområdet. Det er viktig at søkjar uansett tek omsyn til stien/friluftsområdet og sørgjer for at ferdsel ikkje hindrast her.




Figur 3: Kartutsnitt som viser kvar deponi kjem i konflikt med registrert friluftsområde. (kjelde: fylkesatlas.no)

Natur

Sjølve transformatorstasjonen legg beslag på noko skogmark med høg bonitet og gje tap av 300 m² myr. Retningslinje 17 i klimaplanen seier at vi bør unngå utbygging på karbonrike areal, som myr, våtmark og skog.

Nye 420 kV kraftleidningar går i høgt legg teoretisk beslag på totalt 453,8 daa. Høge luftspenn på leidningane gjer at det ikkje vert naudsynt med ryddebelte under desse i store deler av traséen. Konsekvensutgreiinga viser til at det hovudsakeleg er i den slakare delen av austre dalside på Steinsland der kraftleidningen kjem ned frå Grønfjellet at det må etablerast ryddebelte.

Konsekvensutgreiinga viser til at ryddebeltet for omsøkt leidningstiltak vil råke over 50 % av ein registrert lokalitet med flomskogmark. Konsekvensen av omsøkt leidningstiltak er derfor vurdert til å vere stor negativ konsekvens, og har større negativ konsekvens på lokalitet 1, 2, 3 og 5 enn dei andre omtalte alternativa. Bakgrunnen for dette er at konsekvensutgreiinga legg til grunn at det er behov for hogst i ryddebeltet. Statnett vurderer at det ikkje vil vere behov for hogst i lokalitetane då linjene vil gå høgt over naturtypelokalitetane og at leidningstiltaka ved Steinsland i svært liten grad vil påverke dei registrerte verdiane direkte i driftsfasen. Når leidninga strekkast, kan det likevel bli behov for å fjerne enkelttre. Dette gjer det vanskeleg å vurdere faktisk konsekvens på naturlokalitetane.



Figur 4: Kartlagde naturtypelokalitetane 1, 2 og 3 på Steinsland. (Kjelde: Multiconsult, 2022)

Retningslinje 21 i fornybarplanen seier at planlagde tiltak som kjem i konflikt med artar som er "kritisk truga" eller "sterkt truga" (jf. Norsk Raudliste), eller naturtypar og leveområde som Noreg har

eit internasjonalt ansvar for, eller er i konflikt med oppfylling av nasjonale og internasjonale avtalar, ikkje skal få konsesjon.

Vassmiljø og fisk

Det skal etablerast mellombels røyr i samband med ny bru over elva frå Almelistølen. Arbeidet i elva må gjerast på låg vassføring eller når elva er tørrlagd. Eventuelt anna arbeid i vassdrag må gjerast så skånsamt som mogleg for å unngå avrenning av fine massar som kan skade funksjonsområde for fisk og andre ferskvassorganisamar. Dersom dette vert gjort er det ikkje naudsynt med ytterlegare handsaming etter forskrifta om fysiske tiltak i vassdrag. Vidare er det viktig å sikre massedeponia slik at det ikkje vert avrenning til vassdrag.

Villrein

Retningslinje 26 i fornybarplanen seier at ein skal unngå tiltak som reduserer verdiar på leveområdet for villrein.

Statnett skriv at «Tiltakets influensområde tangerer Fjellheimen villreinområde. Området er trolig lite brukt av villreinen. Statnett vil gå i dialog med Fjellheimen villreinområde...». Vi vil understreke at det er viktig at forvaltinga koplast på i saka.

Infrastruktur og veg

Konsesjonssaka vil røra ved fylkesveginteresser langs fylkesveg 569 og 5412 i Modalen kommune. Det skal transporterast ny transformator frå næraste kai (Eidslandet, Vaksdal kommune) til den nye stasjonen. Køyretøyet med transformator har lengde, bredde og vekt som krev tiltak på eksisterande vegar langs transportruta. Vestland fylkeskommune, ved avdeling for infrastruktur og veg, har god dialog med Statnett SF og Eviny Fornybar AS. Det er inngått gjennomføringsavtale for vegutbetring i samband med spesialtransport på fylkesvegnettet. Vi føreset at vi opprettheld god kommunikasjon og at vi vert involvert og orientert undervegs.

Administrative/økonomiske konsekvensar:

Tiltaket har ikkje administrative eller økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket støttar opp om FN sine berekraftsmål som gjeld klima og rein energi. Konsekvensutgreiinga konkluderer med negative konsekvensar for truga naturtypar som Statnett seier dei kan unngå i praksis. Dette gjer det noko vanskeleg å vurdere skikkeleg.

Tiltaket støttar opp om mål i fornybarplanen om eit meir robust kraftsystem.

Konklusjon

Fylkesdirektøren vurderer at prosjektet er i tråd med måla i den regionale planen for fornybar energi 2023-2035. Det vil bidra til å sikre ei robust kraftforsyning, og støtte grøn verdiskaping. Oppgraderinga av kraftnettet er naudsynt for å møte den aukande etterspurnaden etter kraft i regionen og for å mogleggjere meir kraftproduksjon. Dette er også viktig for å nå Vestland og Noreg sine klimamål gjennom elektrifisering av prosessar som tradisjonelt har gitt klimagassutslepp.

Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne i tiltaksområda. Delar av den gamle stølsvegen er synleg på LIDAR-data, men ytterlegare arbeid er ikkje naudsynt. Tiltakshavar må melde ev. funn av automatisk freda kulturminne etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. For vegkulturminne må løysingar med minst mogleg innverknad veljast, og avbøtande tiltak gjennomførast. Fylkesdirektøren ber om at bekymringsmeldinga om sprenging av ein bergknaus med årstalet 1888 takast til følgje. Tiltaket vil medføre noko miljøskade, men arkeologiske undersøkingar er ikkje nødvendige. Søkjar må ta omsyn til stien/friluftsområdet ved planlagt massedeponi (D3).

Transformatorstasjonen og nye kraftleidningar vil påverke skogmark og myr, men søkjar skriv at det ikkje er behov for ryddebelte under det meste av dei høge luftspenna. Arbeid i vassdrag må utførast skånsamt for å unngå skade på fisk og ferskvassorganisamar. Tiltaket tangerer Fjellheimen villreinområde, og det er viktig med dialog med forvaltinga. Transport av transformator krev tiltak på eksisterande vegar, men det er god dialog med relevante aktørar. Tiltaket har ingen administrative eller økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen og støttar FN sine berekraftsmål.